

Reglar for betaling for bruk av Hareid kyrkje

Vedtekne av Hareid sokneråd 21.03.2000 under sak 20/00.

Godkjende av Møre bispedømmeråd 26.04.2000. Endra 12.04.2002 (nytt punkt 11).

Reglane gjeld betaling for bruk av det vigsla kyrkjeromet utanfor dei forordna gudstenestene og ved kyrkjelege handlingar i Hareid kyrkje i Hareid kommune.

Heimel: Kyrkjelova § 20

Reglar for bruk av kyrkja, fastsette av kyrkjemøtet i 1991.

Kyrkjelege handlingar utanfor gudstenesta

1. Kyrkjelege handlingar utanfor gudstenesta vert utførde etter nærare avtale. Ein kan ta betaling etter satsar fastsette av soknerådet.

Vigsle og gravferd

2. For leige av kyrkja i samband med vigsle av personar som ikkje er busette i Hareid kommune, betalar leigetakaren etter satsar fastsette av fellesrådet.
3. For leige av kyrkja i samband med gravferd/bisetjing av personar som er busette utanfor Hareid kommune, betalar leigetakaren etter satsar fastsette av fellesrådet.
4. For leige av kyrkja i samband med vigsle eller gravferd/bisetjing av personar som ikkje er medlem av Den norske kyrkja, betalar leigetakaren etter satsar fastsette av fellesrådet.

Bruk av kyrkja til ymse arrangement

5. For arrangement i regi av soknerådet tilfjell inngangspengar eller kollekt arrangøren, eller andre etter vedtak i soknerådet.
6. For arrangement i regi av lag og organisasjonar innanfor Den norske kyrkja, tek ein betaling etter satsar fastsette av fellesrådet.
7. For arrangement i regi av kristelege lag og organisasjonar innanfor Den norske kyrkja tek ein betaling etter takstar fastsette av fellesrådet.
8. For arrangement i regi av kulturelle eller humanitære organisasjonar tek ein betaling etter takstar fastsette av fellesrådet.
9. For soknepresten sin eigen bruk av kyrkja etter § 10 i Reglar for bruka av kyrkja, tek ein inga betaling. Kollekt tilfjell soknerådet eller dei soknerådet fastset.
10. For andre tenester utover leige, samt betaling for slike tenester, gjer ein avtale direkte med leigetakar i kvart einskilt høve.
11. Tilsette i Hareid sokn har gratis tilgjenge på arrangement i Hareid kyrkje der det er inngangspengar. Dette gjeld både ved eigne arrangement og i dei tilfella der soknerådet leiger ut kyrkja til andre.